



Rettleiar til varslingssteneste for veg, vatn og avløp i Voss herad.

Avdeling veg og va nyttar varslingsstenesta Powel varslings, levert av Powel AS. Varslingsstenesta nyttast til å nå ut til personar i heradet som vert berørt av arbeid eller liknande som heradet utfører. Varslingsstenesta vert og nytta i tilfeller der me har t.d. forureining på vass-nettet og det vert kokepåbod.

Ved periodisk utskifting, eller installasjon av ny vassmålar frå heradet, vert og denne tenesta nytta.

Voss herad nyttar fleire varslingsstenester i dei forskjellige avdelingane, og denne tenesta gjeld i hovudsak for veg og va.

Varslingsstenesta hentar ut adresseinformasjon, e-post og telefonnummer frå følgjande databasar:

- Folkeregisteret (enkeltpersonar)
- Altinn/difi (enkeltpersonar)
- Næringsdatabasen/Brønnøysundregisteret (verksemder)
- Eigar-registeret frå statens kartverk (bustadar og fritidsbustadar for privatpersonar)
- CDM.no eigenregistrerte oppføringar (enkeltpersonar og bedrifter)

Enkeltpersonar og bedrifter vert knytt opp mot adresse, og det er utifrå adresser varslingsområde vert valt.

Dersom ein ikkje ynskjer varsel frå kommunen, kan ein sende e-post til even.molland@voss.kommune.no og be om at ein vert lagt inn som reservert mot varslings. Dette anbefalast ikkje! Manglande varsel, eller melding om utskifting av vassmålar ved reservasjon er heradet uvedkomande.

I vedlegg «varsling difi» kan ein sjå kvarleis ein kan finne registrerte opplysningar i minid (difi). Ein kan endre desse opplysningane etter behov. Det anbefalast å dobbeltsjekke personopplysningar dersom ein nyleg har flytta, bytta telefonnummer eller liknande. Informasjonen som vert henta frå difi er: adresse, e-post og telefonnummer. Koplinga mot difi er godkjent via søknad frå heradet.

Dersom ein ynskjer å setje seg sjølv opp som kontaktperson, eller knytast opp mot andre adresser enn det som er registrert i difi, kan ein nytte «UMS-contact data manager» på <https://www.servicevarsling.no/Auth.aspx>. Veileidar til å registrere telefonnummer og adresse i UMS-contact data manager finn du i vedlegg «Varsling UMS».

Me sender i utgangspunktet kun ut varsel via SMS. Melding vert sendt ut til dei som vert berørt ved arbeid, forureining av drikkevatt, eller anna ymse, men det kan og hende at upåverka og får melding. Dersom det vert ein eller anna form for krisehending relatert mot veg og va, vert det og lagt ut info på Voss herad sine heimesider, samt sosiale medier som facebook.

Det anbefalast at personar som ikkje har moglegheit til å motta tekstmelding får registrert ein kontaktperson via UMS-contact data manager, som kan vidareformidle varslings sjå vedlegg «Varsling UMS» for informasjon på kordan ein gjer dette.